



**Soknerådet hadde innkalla til dugnad torsdag ettermiddag og det møtte seks som gjorde ein iherdig innsats med fjerning av grønske på gjerdet rundt kyrkja og kyrkjegarden. Også på den kyrkjeveggen som vender mot Rabben var det trong for ein omgang med såpe og vatn.**

Grønska var gjenstridig og leiar Audun Eik medga snart at jobben ikkje kunne bli fullført denne dagen.

- Det må nok til ein ny runde, sa han og glytta særleg bort på kyrkjeveggen. På biletet er dei seks i arbeid: Audun Eik (lengst til høgre), Gudrun Døssland, Britt Jorunn Arnesen, Inger Anne Leite, Tormod Myklebust og Ivar Bernhard Arnesen.

(Foto: Ola Matti Mathisen)